

## Vedtekter for Folkehøgskolerådet

(justert 2023)

### § 1. NAMN

§ 1.1 Folkehøgskolerådet (Org nr: 976 949 307)

### § 2. FORMÅL

- § 2.1 Folkehøgskolerådet er eit skulepolitisk samarbeidsorgan for dei norske folkehøgskulane og folkehøgskuleorganisasjonane.
- § 2.2 Folkehøgskolerådet har sitt mandat frå, og rapporterer til, årsmøtet.
- § 2.3 Folkehøgskolerådet tar seg av oppgåver til gagn for folkehøgskuleorganisasjonane og skulane.

### § 3. ORGANISASJON

§ 3.1 Folkehøgskolerådet er eit samarbeidsorgan for dei to greinene Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF), Informasjonskontor for kristen folkehøgskole (IKF) og Folkehøgskoleforbundet (FHF), Informasjonskontoret for folkehøgskolen (IF).

### § 4. FOLKEHØGSKOLERÅDET

§ 4.1 Folkehøgskolerådet har 6 medlemmer.

- FHF/IF og NKF/IKF har tre representantar kvar.
- Leiar i FHF og NKF er medlemmer av rådet og skifter på verva som leiar og nestleiar. Den periode leiaren kjem frå den eine greina, vel den andre greina to medlemmer.
- Når leiar av Folkehøgskolerådet kjem frå FHF, vel IF to medlemmer, NKF to medlemmer og IKF eitt medlem.
- Når leiar av Folkehøgskolerådet kjem frå NKF, vel IKF to medlemmer, FHF to medlemmer og IF eitt medlem.

§ 4.2 Begge kjønn skal vere representert med minimum 1/3 av medlemmene.

§ 4.3 Valperioden er på to år.

§ 4.4 Ved likt røystetal har leiar dobbeltstemme.

§ 4.5 Folkehøgskolerådet er vedtaksført når 2/3 av medlemmene er til stades med minst to representantar frå kvar av dei to greinene.

§ 4.6 Vedtak fattast med simpelt fleirtal.

§ 4.7 Folkehøgskolerådet er høgste myndighet mellom årsmøta og skal halde møte når rådsleiar eller eit fleirtal av medlemmene krev det.

§ 4.8 Folkehøgskolerådet dekkjer reise- og diettgodtgjersle for medlemmene av Folkehøgskolerådet og underutval. Til vanleg betalast ikkje honorar til Folkehøgskolerådet sine medlemmer.

§ 4.9 Kvar organisasjon vel eit varamedlem. Vararepresentanten innkallast om rådets faste medlem er forhindra frå å møte.

§ 4.10 Dagleg leiar er sekretær for Folkehøgskolerådet og førebur sakene til årsmøta. Dagleg leiar har møte-, tale-, forslags- og protokollasjonsrett på møta.

## § 5. RÅDETS ANSVAR OG OPPGÅVER

- § 5.1 Folkehøgskolerådet tilset dagleg leiar.
- § 5.2 Folkehøgskolerådet iverksett årsmøtet sine vedtak og gjennomfører oppgåver i følgje dokumentet «Folkehøgskolerådets ansvar og oppgåver», strategiplanen og handlingsplanen.
- § 5.3 Folkehøgskolerådet fører tilsyn med den daglege drifta.
- § 5.4 Folkehøgskolerådet set ned nemnder og utval.
- § 5.5 Folkehøgskolerådet peiker ut representantar til Nordisk Folkehøgskoleråd.

## § 6. ÅRSMØTET

- § 6.1 Årsmøtet er Folkehøgskolerådets øvste myndigkeit og skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.
- § 6.2 Årsmøtet vert innkalla med minst fire -4- vekers varsel. Fullstendig sakliste må vere tilgjengeleg minst ei -1- veke før årsmøtet.
- § 6.3 Innkomne saker skal meldast Folkehøgskolerådet minst åtte -8- veker før årsmøtet.
- § 6.4 Forslag til endringar i vedtektena skal meldast minst åtte -8- veker før årsmøtet.
- § 6.5 Folkehøgskuleforbundet (FHF), Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF), Informasjonskontoret for folkehøgskolen (IF) og Informasjonskontoret for kristen folkehøgskole (IKF) møter med tre -3- medlemmer kvar med stemmerett.
- § 6.6 Daglege leiarar i folkehøgskoleorganisasjonane møter med tale- og forslagsrett.

## § 7. ÅRSMØTETS OPPGÅVER

- § 7.1 Årsmøtet skal:
  - a) Handsame og godkjenne årsmeldingar frå Folkehøgskolerådet og frå utvala.
  - b) Handsame og godkjenne årsrekneskap med noter.
  - c) Handsame og vedta budsjett.
  - d) Handsame og vedta strategiplan og forslag til endringar i denne.
  - e) Handsame og vedta dokumentet «Folkehøgskolerådets ansvar og oppgåver» og forslag til endringar i dette. Alle organisasjonane må være einige om dokumentet skal endrast. Endringar krev 2/3 fleirtal.
  - f) Handsame forslag til endringar i vedtektena.
  - g) Handsame innkomne saker/forslag.
  - h) Velge revisor.
- § 7.2 Ordinære vedtak skjer ved simpelt fleirtal.
- § 7.3 Folkehøgskolerådet kan gje vidare retningslinjer for gjennomføring av årsmøtet. Årsmøtet kan gjera endringar i desse.

## § 8. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

- § 8.1 Ekstraordinære årsmøte blir halde når Folkehøgskolerådet bestemmer det, eller når minst ein av organisasjonane krev det.
- § 8.2 Det vert kalla inn ekstraordinært årsmøte med minst 14 dagars varsel.
- § 8.3 Fullstendig sakliste må ligge føre minst ei veke før ekstraordinært årsmøte.

## § 9. VEDTEKTSENDRINGAR

- § 9.1 Endringar i vedtekten kan gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore satt opp på saklista.
- § 9.2 Forslag til endringar i vedtekten må meldast minst åtte -8- veker før årsmøtet, jf. § 6.4.
- § 9.3 Vedtak om endringar av vedtekten skjer med minst 2/3 fleirtal.

## § 10. ØKONOMI

- § 10.1 Folkehøgskolerådet får midlar til drift via løyingar i statsbudsjettet, frå skulane og folkehøgskuleorganisasjonane.
- § 10.2 Folkehøgskolerådet får tilbakeført midlar frå folkehøgskulane til dekking av pedagogisk utviklingsarbeid, refusjon av vikar for tillitsvalde og ressurs for tillitsvalde.

## § 11. SEKRETARIAT

- § 11.1 Folkehøgskolerådet skal ha eit sekretariat.
- § 11.2 Dagleg leiar er leiar av sekretariatet og arbeider etter retningslinjer utarbeidd av Folkehøgskolerådet.
- § 11.3 Folkehøgskolerådet kan tilsette medarbeidarar eller kjøpe nødvendige tenester for å kunne utføre dei pålagde administrative oppgåvane.

## § 12. SIGNATURRETT

- § 12.1 Rådsleiar og dagleg leiar har signaturrett i fellesskap.
- § 12.2 Rådsleiar og dagleg leiar kan tildeles prokura kvar for seg.

## §13. OPPLOYSING

- § 13.1 Opplysing av Folkehøgskolerådet skal handsamast av årsmøtet og krev 2/3 fleirtal.
- § 13.2 Opplysning av Folkehøgskolerådet må varslast minimum seksten –16- veker før årsmøtet.
- § 13.3 Framlegg om opplysing skal vere fremma i sakspapira til møtet.
- § 13.4 Ved opplysing av Folkehøgskolerådet skal eventuelle økonomiske midlar delast likt mellom FHF, NKF, IF og IKF. Eventuelle økonomiske forpliktingar skal òg fordelast likt mellom dei same partane.

---

Vedtekten er reviderte og omarbeida og vedteke av årsmøtet i Folkehøgskolerådet 15.juni 2022 og gjeld frå same dato. Vedtekten blei første gong vedteke 19.april 2012, revidert 17.april 2013. Revidert 14.juni 2022. Justert 14.juni 2023

---